



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 57643129
fmsfpost@fylkesmannen.no
www.fmsf.no
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Kontrakt

Skjøtsel av kulturlandskap i Nærøyfjorden landskapsvernområde

Det er inngått avtale om kjøp av tenester for skjøtsel av kulturlandskap i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Kontrakta er inngått mellom Nærøyfjorden verneområdestyre og leverandør. Innhold i avtale om kjøp av tenesta kjem fram av vedlegg til kontrakta.

Dette dokumentet er elektronisk signert. Referansenummer for kontrakt: 2024/6286

Avtalen er underteikna av Statsforvaltaren på vegne av verneområdestyret.

Dato/stad

Dato/stad

Kunde

Leverandør

Nærøyfjorden verneområdestyre
v/Statsforvaltaren i Vestland



Generelt

Arbeidet som skal utførast er i kulturlandskapet på Nedbergo, Stokko og Nåli i Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Verneområdestyret har årleg arbeid med skjøtsel av kulturlandskap og istandsetting av stiar og murar i verneområda. Verneområdestyret får årleg tildeling av tiltaksmidlar over statsbudsjettet. Omfanget av arbeidet vert tilpassa tilgangen på tiltaksmidlane.

Arbeidsomfang

Arbeidet som skal utførast er slått av urterik slåttemark, høgstaude slåttemark og restaurering av slåttemark og open beitemark.

For arbeidet på Nedbergo og Stokko må leverandør ha tilgang på båt. Det må reknast med gangtid til kvart område.

Det skal skrivast sluttrapport etter arbeidet er utført, der det kjem fram kva område som er slått (markert på kart), og bilde frå før og etter slått/rydding.

Skjøtselsråda i kapittel 4 i skjøtselsplan for Stokko (sjå under overskrifta Stokko) er rettleiande for arbeidet, og skal så langt som mogleg fylgjast. Plantemateriale etter slått og rydding skal leggjast på ein eigna plass i utkanten av slåttemarka, og skal ikkje vera skjemma i landskapet, eller gje gjødselseffekt på slåttemarka. Plantemateriale skal samlast i ei skråning i terrenget i god avstand frå tun, turstiar og utsiktspunkt.

Nedbergo

[Skjøtselsplan Nedbergo](#). Omlag 10 daa slåttemark.

Kartet viser prioriterte område for slått: <https://www.fylkesatlas.no/share/4102550a860d>

Stokko

[Skjøtselsplan Stokko](#). Slått på Stokko Øvre, Øygarden sør og Dorganes. Det er ikkje avklart om det er finansiering av slått på alle teigane. Slåtten vil vera omlag 5 daa slåttemark (Naturtype urterik slåttemark).

Kart over aktuelle område for slått: <https://www.fylkesatlas.no/share/46f858cc1088>

Nåli

[Skjøtselsplan for Nåli](#). Område 1, 2 og 3 i skjøtselsplan (kap. 4.1 og 4.2): Omlag 8 daa. Det er ikkje avklart om det er finansiering av alle områda.

Område 1: Rydding av alle tre, og mekanisk rydding av vegetasjon. Dette området skal restaurerast tilbake til slåttemark.

Område 2: Rydde enkelt tre. Få fram utsikt mot Stalheim.

Område 3: Rydde enkelt tre, prioritera utsikt mot Jordalsnuten.

Kart over prioritert område for skjøtsel: <https://www.fylkesatlas.no/share/b8d28efc38da>



Generelle krav til utføring

Skjøtselsområda ligg i område som er verna i medhald av naturmangfaldlova. Arbeidet krev difor særleg omsyn til terreng, vegetasjon og verneverdiar. Leverandør må fylgja alle reglar, føringar og pålegg som det fører med seg.

Områda er utan vegtilkomst. Til Stokko og Nåli er det opparbeida enkel sti frå bilveg. For å komme til Nedbergo må ein ha båt for å komme til stistart, og gå stien opp til Nedbergo (ca. 530 moh). Det kan ikkje nyttast køyretøy på stiane. Arbeidet må gjerast manuelt ved bruk av ljå, slåmaskin og rive.

Personell

Generelle krav til personell

Personell må ha naudsynt kvalifikasjon for gjennomføring av oppdraget. For bruk av maskinelt utstyr må personell ha naudsynt opplæring og verneutstyr.

Materiell

Slåmaskin som står på Nedbergo og på Stokko kan brukast til slåttene. Slåmaskinene er relativt små, med kniv med ca 90 cm breidde. Slåmaskina på Stokko må fraktast med båt mellom slåtteteigane.

Utanom tilgang på slåmaskinene som er nemnt, må Leverandør ha tilgang til naudsynt manuelt slåtteutstyr, og tilgang til båt for transport til og frå Nedbergo og Stokko.

Økonomisk ramme

Kontraktstida er på omlag omlag 100 000 kroner ekskl. mva. Timepris skal inkludere alle driftsutgifter, også reisekostnadane til og frå Stokko, Nedbergo og Nåli.

Kontraktstida

Kontraktstida er frå juni 2024 til 30. september 2024. Dersom uforutsette forhold spelar inn kan kontraktstida forlengast. Kontrakta opphøyrer ved utløp av avtaletida utan føregåande oppseiing. Arbeidet vert ikkje sett på som fullført før det er godkjent av oppdragsgjevar.

Framdriftsplan skal fylgja oppsett i tilbodsdocumentet.



Samfunnsansvar og etiske retningslinjer

Våre leverandører og avtalepartnere skal respektere grunnleggende sosiale og etiske krav i sin virksomhet. Dersom Leverandør til Kunden bruker underleverandører til å fullbyrde denne Kontrakten, er Leverandør forpliktet til å videreføre og bidra til etterleving av kravene som er gitt nedenfor gjennom sine underleverandører.

Menneskerettar

Leverandøren skal respektere FN sin menneskerettskonvensjon.

Prinsipp og ansatte sine rettar

Nasjonal lovgjeving

Leverandøren og eventuelle underleverandører pliktar å etterleve arbeidslovgjevinga i produsentlandet, og denne utgjør alltid eit minimumsnivå for dei tilsette sine rettar. Der retningslinjene og nasjonale lovar eller reguleringar omhandlar same tema, skal den høgaste standarden alltid gjelde.

Forbod mot barnarbeid og tvangsarbeid/slavearbeid

Det skal ikkje foregå nokon form for tvangsarbeid, slavearbeid eller ufrivillig arbeid. Arbeidarane må ikkje levere depositum eller identitetspapir til arbeidsgjevar, og skal vere frie til å avslutte arbeidsforholdet etter rimeleg oppseiingstid. Barnarbeid, i samsvar med FN sin barnkonvensjon, er forbode.

Diskriminering (ILO konvensjon nr. 100 og 111)

Det skal ikkje foregå nokon diskriminering i arbeidslivet basert på etnisitet, religion, alder, uførheit, kjønn, ekteskapsstatus, seksuell orientering, fagforeiningsmedlemskap eller politisk tilhøyring.

Fagorganiseringsfriheit og retten til kollektive forhandlingar (ILO konvensjon nr. 87 og 98)

Arbeidarane skal utan unntak ha rett til å slutte seg til eller etablere fagforeiningar etter eige val, og til å forhandle kollektivt. Dersom desse rettane er avgrensa eller under utvikling, skal leverandøren medverke til at dei tilsette får møte leiinga for å diskutere lønns- og arbeidsvilkår utan at dette får negative konsekvensar for arbeidarane.

Lønn og arbeidstid

Den nasjonale minstelønna er lavast aksepterte nivå, og skal alltid vere tilstrekkeleg til å dekke grunnleggande behov. Lønna skal betalast direkte til den tilsette, fullt ut og til rett tid. Arbeidstida per veke skal ikkje overstige den lovlege grensa, og overtid skal betalast i samsvar med loven.



Særlege krav til helse, miljø og sikkerheit

Miljø

For arbeid i verneområde skal reglane i verneforskrifta fylgjast. Dette gjeld m.a. motorisert ferdsel og forbod mot inngrep som kan verka inn på landskapets art og karakter. Det må føreliggja naudsynte løyve før tiltak kan setjast i verk. Alt arbeid skal avklarast med verneområdeforvaltar.

Nasjonal og internasjonal miljølovgjeving og reguleringar skal overhaldast. Relevante utsløppsløyve skal vere innhenta der det er naudsynt. Skadelege kjemikalier og andre stoff skal forvaltast på ein forsvarleg måte.

Helse og sikkerheit

Arbeidsmiljøet skal vere i samsvar med produsentlandet sin lovgiving og internasjonale retningslinjer.

Leverandør må ha naudsynte sertifikat for bruk av maskinelt utstyr.

Fakturering

Faktura skal sendast elektronisk på EHF med organisasjonsnr. 974760665 (Statsforvaltaren i Vestland) og tydeleg merkast med bestillingsid: 3850ano.

Fakturafrist: 1. november 2024.

Rapportering

Det skal skrivast rapport om utført skjøtselsarbeid, der det kjem fram kva område som er slått (markert på kart), og bilde frå før og etter slått/rydding.

I rapporten skal det vera med oversikt over timeforbruk for utført skjøtselsarbeid på Nedbergo, Stokko og Nåli.

Partane sine representantar

Kunden sin representant

Hovudkontakt:

Namn : Anbjørg Nornes

Tittel : Verneområdeforvaltar

Telefon: 57643129

Mobil : 99499753

E-post : fmsfano@statsforvalteren.no



Leverandøren sin representant:

Hovudkontakt:

Namn :

Mobil :

E-post :